



## LANGELAND SKI OG FRITIDSSENTER AS

*-regionanlegg for ski og friluftsliv-*

Org nr 997 372 182  
Postboks 113, 6801 Førde

Førde/Gaular, 27. april 2015

Sogn og Fjordane fylkeskommune,  
Kulturavdelinga,  
Førde  
pr epost

### **UTBYGGING AV RULLESKILØYPE PÅ LANGELAND - SØKNAD OM TILSKOT KR 600 000**

Skisenteret ønskjer å realisere eit lenge etterlengta rulleskiprosjekt, som er blitt ekstra aktualisert ved at Norges Skiforbund, med søknadsfrist 1.5.2015, har lyst ut ei øyremerka tilskotsordning, såkalla programsatsingsmidlar. For å realisere eit såpass stort prosjekt vil det måtte hentast midlar frå mange kjelder. Vi viser til at fylkeskommunen alt har støtta slike anlegg i Sogn og Nordfjord. Sunnfjord treng med sitt skimiljø eit slikt anlegg, og prosjektet har 1. prt i skikrinsen sin anleggsplan.

#### **Fakta om anlegget**

Langeland Skisenter er eigd 50/50 av Gaular IL og Førde IL. Anlegget inneheld skihytte med kafè, garderobar og kontor, parkeringsanlegg med plass til 500 bilar, turløyper på 20 km, lysløype på 5 km. Anlegget er det mest besøkte langrennsanlegget i fylket. Skisenteret har ei regional rolle, og hovudnedslagsfeltet er i første rekkje Førde og Gaular med 15000 innbyggjarar, men også andre innbyggjarar i Sunnfjord brukar anlegget.

#### **Idrettsleg aktivitet**

Anlegget er treningsbase for langrennsmiljøet i Gaular IL og Førde IL, med totalt ca 275 betalande medlemar og på krinsrenn utgjør deltakarar frå Førde og Gaular ofte over 30% av det totale deltakartalet. Lysløyperenn/karusellrenn samlar over 200 deltakarar 6 gongar pr sesong, og er blant dei største skirenna som blir arrangert i fylket. I tillegg til stor breiddeaktivitet har det med utgangspunkt i dette miljøet også komme fram løparar som hevdar seg i norgestoppen.

Dette langrennsmiljøet har dei siste åra opplevd ein stor auke av yngre utøvarar, spesielt i klassane opp til 12 år. Om ein skal kunne tilby desse sikrere og betre område for rulleskiaktivitet er det avgjerande at ein får etablert ei eiga bane for dette. Rulleski som aktuell treningsform er heilt sentral i denne idretten. I mangel av anna tilbod blir trening med

rulleski utført på det offentlege vegnettet. Dette har ein betydeleg risiko med seg med tanke på trafikktryggleik, noko fleire ulykker siste åra viser.

### **Vidare utvikling av anlegget - rulleskiløype**

Det er gjennomført planarbeid med å tilrettelegge for ei vidare utvikling av anlegget, og planen vart vedtatt av Gaular kommune i 2013. Investering i nytt og moderne snøproduksjonsanlegg er allereie gjennomført, og utbetring av skistadion er i hovudsak gjennomført. Det gjenstår bygging av ei ny konkurranseløype med totallengd på 3,75 km. Dette for å auke kapasiteten og lette rennavviklinga, og dessutan også for å hindre konflikter mellom det aukande talet mosjonistar/turgåarar og konkurranseløparar. Løypa vil bli tilrettelagt for offroadsykling sommarstid.

Framover bør anlegget utviklast i retning av meir bruk sommarstid og i eit folkehelseperspektiv; i første rekkje med tilrettelegging for rulleski og sykling. I denne samanhengen manglar anlegget det viktigaste og det mest kapitalkrevande; ei rulleskiløype. Det føreligg idrettsfunksjonell, datert januar 2014, av eit rulleskiprosjekt med tilhøyrande offroaddel, dvs vegskulder i 1,5 m breidde. Rulleskiløypa vil bli lagt i nærområdet rundt skihytta og parkeringsplassen på Langeland, nærare bestemt i dagens 2 km sløyfe av lysløypa/skistadion, etter normer frå Norges Skiforbund. Sjå vedlagt kartskisje. Samla lengde med asfaltert rulleskiløype vil vere på 3300 m. Rulleskiløypa er tiltenkt universell bruk, og den asfalterte løypa er tenkt brukt som eit nybegynnartilbod til racersykling.

### **Skiskyttarstadion**

I samband med anleggsarbeidet med rulleskiløype er det planlagt å sprengje ut/ta ut masse med tanke på etablering av skiskyttarstadion. Av omsyn til skisenteret sin økonomi må ferdigstilling av eit skiskyttartilbod måtte fremjast som eit eige utbyggingsprosjekt.

### **Investeringsplan:**

Rulleskiløype på 3,3 km med asfaltbreidde 5 m (i gjennomsnitt) med bruløysing på skistadion.

Samla kostnad inkl mva kr 8.100.000

Vegskulder på 1,5 m breidde innretta for offroad sykling er planlagt bygt samstundes, men er eige søknadsobjekt i forhold til spelemidlar, og inngår ikkje kostnadane her.

### **Finansiering:**


Spelemidlar rulleski, søknad haust 2015	kr 1.400.000
Tillegg spelemidlar interkommunalt anlegg	kr 420.000
Programsatsingsmidlar, søknad april 2015	<u>kr 2.230.000</u>
Sum spelemidlar og programsatsingsmidlar, maks 50%	kr 4.050.000
Førde kommune, Gaular kommune, søknad april 2015	kr 810.000
Sogn og Fjordane fylkeskommune, søknad april 2015	kr 600.000
Førde IL og Gaular IL, tilskot	kr 500.000
Fylkeskommunale trafikktryggingmidlar, søknad haust 2015 v/Gaular kommune	kr 300.000
Gåver og sponing frå næringslivet, avklarast i 2015 og mva-kompensasjon. Forkotteringslån frå bank eller kommune	kr 1.340.000
Eigenkapital	<u>kr 500.000</u>
<b>Sum</b>	<b><u>kr 8.100.000</u></b>

### **Framdriftsplan**

Det vil bli gjennomført ein søknadsprosess i løpet av 2015, for å avklare postane i finansieringsplanen, herunder å etablere interkommunal avtale for anlegget i tråd med godkjenning frå kulturdepartementet. Det sentrale her er å få framlagt ein godkjent spelemiddelsøknad. Byggestart og gjennomføring av prosjektet er planlagt i 2016, føresett at finansiering er avklara.

Vi står sjølvsagt til disposisjon for eventuelt ytterlegare informasjon.

Med helsing  
Langeland Ski- og fritidssenter AS



Kjetil Bjørset  
Styreleiar  
tlf 91312250  
[kjetil.bjorset@ssf.no](mailto:kjetil.bjorset@ssf.no)

Vedlegg: Plan og kartoversikt over anlegget (2 vedlegg)